

SAK 40/24 KLIMAPLAN FOR HALLINGDAL - HØYRINGSUTKAST

Saksopplysning:

I sak 12/21, 28. okt. 2021 vart Strategisk plan for Hallingdal vedteke i Hallingtinget. I den planen vart det bestemt at det skulle utarbeidast ein felles klimaplan for Hallingdal i løpet av planperioden.

Planutkast og forslag til tiltaksplan ligg vedlagt. Planen er utarbeid av administrasjonen i regionrådet, med god hjelp frå klimanettverket som representerer alle kommunane. Planen er breitt forankra og det har vore mange innspelsmøte med deltaking både frå private, næringsdrivande, politikarar, frivillige og administrasjon.

Vurdering:

Kommunane i Hallingdal har dei same klimautfordringane og då er det naturleg å ha ein felles plan. Det kan likevel vera ulike syn og ulike prioriteringar frå kommune til kommune og då er det rom for ta omsyn til dette.

No blir planen sendt på høyring fram til 17. sept. Deretter blir det teke opp i Regionrådet den 27. sept, i Hallingting 25. okt. før den skal vedtakast ute i kommunane

Forslag til vedtak:

Regionrådet legg Klimaplan for Hallingdal ut på høyring med høyringsfrist 17. sept 2024

Hallingdal, 13. juni 2024

Jan Olav Helling
Dagleg leiar

Vedlegg:

Vedlegg 1: Utkast til klimaplan

Vedlegg 2: Mål og forslag til tiltak